

Fiskeregler Vestre Slidre statsallmenning

§1. Utanbygdsbuande og utlendingar har mot løysing av fiskekort lov til å fiske med stong eller handsnøre. Det er tillete å bruke maksimalt 2 stenger pr. fiskar. Ved isfiske er det lov å bruke inntil 5 pilkestikker. Stong eller handsnøre som er sett ut blir rekna som fastståande reiskap jf. §2 og er ikkje tillete.

Utanbygdsbuande og utlendingar kan fiske med oter i Rensenn mot løysing av eige fiskekort.

- Ordninga gjeld frå 1.6 til 15.9.
- Bruk av båt er tillete og det kan brukast 1 oter pr. fiskekort.
- Det kan nyttast inntil 10 floger pr oter.
- Det skal innan 1 veke etter avslutta fiske rapporterast om talet på fisketimar og fangst via inatur (stk/kg).

§2 Innanbygdsbuande har mot løysing av fiskekort lov til å fiske med stong, handsnøre, oter og fastståande reiskap (utstenglar, line, ruse og botngarn). Som innanbygds er å rekne dei som er står registrert som fast busett i Vestre Slidre kommune og har vore det siste 12 månader.

Reglar for fiske med fastståande reiskap:

Vatn	Antall garn el. line pr båtlag	Minste maskevidde	Lengde på garn og line	Bruk av oter, line, ruse og garn er tillete i tida
Storfjorden	12	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Grønsenn	10	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Rensenn	10	fritt	25 m	fom 1.6 tom 15.9
S.Syndin, M.Syndin, N.Syndin (del i V. Slidre), Nestisvatnet, Mosvatnet, Halvorstølstjednet/Matkista	8	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Køltjednet, Strøstjednet, Svulttjedet, Skruvetjednet	4	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Andre vatn	Fiske med fastståande reiskap er ikkje tillete, unnateke er fiske med utstenglar jf. §2 siste ledd			

Fastståande reiskap skal på godt synleg flytemerke vere merka med fiskaren sitt namn og adresse. Merkinga skal berre skje nærmast land.

Kvar båttag kan ikkje fiska med fastståande reiskap i meir enn eitt vatn på same tid og ingen kan delta i fleire båttag. Dette gjeld ikkje ved fiske i Rensenn.

Fiskaren må delta både ved utsetting, ettersyn og opptaking av fastståande reiskap. Hjelpesmannskap under fiskinga treng ikkje vera innanbygds eller ha løyst fiskekort.

Ved fiske med utstenglar, er talet på utstenglar avgrensa til maksimalt 5 stk.

§3 Fiskekort må vera med under fisket og visast ved kontroll.

§4 Barn og ungdom t.o.m. 20 år treng ikkje løyse kort for fiske med stong eller handsnøre, men alder må kunne dokumenterast ved kontroll.

§5 Alt fiske er freda i perioden f.o.m. 16.9 til vatna er islagte.

§6 Godkjent hevdvunne slørettar kan nyttast f.o.m. 1.6 t.o.m. 15.9.

§7 Fiskaren pliktar å gjera seg kjent med generelle reglar i fjellov og offentlege forskrifter/lover.

§8 Brot på reglane er straffbart, jf. fjellovas §37.

§9 Det er lov å bruk båtmotor i Nørre Syndin, Midtre Syndin, Sørre Syndin og Storfjorden med dei avgrensingar i motorstyrke som gjeld i kommunal forskrift for motorisert ferdsel i utmark.

Reglane er revidert 14.5.2025.

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

